



EKNES KAROSSERI AS
Leknesvegen 254
Hei5915 HJELMÅS

Vedtak om samtykke og gebyr

Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 196 Bnr 111 Lindås - Leknesvegen 254 - Hjelmås - Eknes karosseri AS - tilbygg

Vi viser til søknad av 20.02.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Helgesen Tekniske Bygg AS, 5281 Valestrandsfossen. Vi viser vidare til e-post av 23.02.2018, om manglande opplysningar, og tilbakemelding av 26.02.2018, med ytterlegare opplysningar.

Søknaden gjelder nytt tilbygg og carport.

Saman med søknaden har vi mottatt vurdering av arbeidsmiljøfaktorar signert av tiltakshavar og verneombod, kopi av søknad til kommunen og teikningar.

Vurdering

I søknaden går det fram at tilbygget er ca. 16 meter langt og 5 meter breitt, og skal nyttast som lager. Det skal ikkje utførast arbeid utover kortvarig ut- og inntransport av varer til lokalet.

Dersom bruken av lokalet skulle endre seg, og det vert varige arbeidsplassar i hallen, må ein, mellom anna, vurdere ventilasjonstekniske tiltak for å sikre eit fullt forsvarleg inneklima, samt tiltak for å sikre dagslys og utsyn, jf. arbeidsmiljølova § 4-4(1) og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) §§ 2-10, 2-14 og 7-1.

Vi gjer merksam på krav arbeidsplassforskriften § 2-9, der det går fram at «*Dører for gående skal finnes i umiddelbar nærhet av porter som hovedsaklig er beregnet for kjøretøy, bortsett fra der hvor det er trygt for gående å bruke disse portene. Slike dører skal være tydelig merket og skal aldri blokkeres.*»

Vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.



Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredstillande under bruk.

Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 1a og fastsatt beløpet til kr 703,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette. Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetle ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/12401 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland



Arbeidstilsynet

VÅR REFERANSE
92997/2018

3

tilsynsleder
(sign.)

Per Kristian Fonn
Senioringeniør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

HELGESEN TEKNISKE
BYGG AS
LINDÅS KOMMUNE

Ole-Harald Bleikli

Valestrand

5281 VALESTRANDSFOSSEN

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ